



Vaksdal Modalen Skyttarlag
c/o Trygve Mjelde Skjerjavegen 60
5729 Modalen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/173 - 23/1225

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
04.05.2023

Viltfond, støtte frå kommunal viltfond, Vaksdal/ Modalen Skyttarlag.

Administrativt vedtak. Saknr: 004/2023

Vedtak:

Med heimel i forskrift om kommunale viltfond §5 løyver viltfond i Modalen kommune kr. 100.000 til Vaksdal/ Modalen Skyttarlag til oppgradering av skytebane.

-Tilskotet utbetalast når bank kontonummer og faktura frå leverandør av skiverna vert sendt til kommunen. Når skyttarlaget har betalt faktura sendast dokumentasjon på banktransaksjon til kommunen.

Vedtak om fordeling av midlar frå villfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunens midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Saka gjeld:

Trygve Mjelde søker i brev dagsett 06.03.2023, på vegne av Vaksdal/ Modalen Skyttarlag, om tilskot frå det kommunale villfondet i Modalen kommune. Det vert søkt om tilskott til innkjøp av totalt 4 elektroniske skiver til skyteanlegget i Litlevika på Eidsland.

Skytebanen vert bygd på 1990-tallet og fik ei stor oppgradering av signal/kabelsystem/ Strøm forsyning i 2019 både på 100 og 200 meter banen. Dei gamla elektroniske skiver frå 90-tallet treng mykje vedlikehald og det begynner å verte både vanskeleg og veldig dyrt å få tak i delane som trengs til vedlikehaldet. Dei siste åra har skyttarlaget vore naud til å stenge ned fleire av dei gamla skivene grunna uakseptabel presisjon i markering av treff i skive.

I 2022 ble det investert i to nye elektroniske skiver til 100meter banen. Dette med stønad frå kommunen. Dette har vert ein stor suksess da dei nye skiver er svært påliteleg og krev nesten ikkje vedlikehald. Installeringa av dei skiver var noko skyttarlaget fekk til på dugnad.

Denne gongen vert søkt om tilskott til innkjøp av 4 skiver av same type som i 2022. 2 skiver til 100meter banen og 2 skiver til 200meter banen.

Søknad vert vedlagt tilbod frå leverandør av dei 4 elektroniske skiver med ei kostnad på kr. 274.913 inkl. mva.

Skyttarlaget søkjer om stønad frå villfondet i Modalen kommune på kr. 100.000. Der søkjast om same beløp frå Vaksdal kommune. Resten dekker skyttarlaget av egen kapital og arbeid med montering/ transport vert gjort på dugnad.

Vurdering:

Bruk av villfondsmidlar er regulert av FOR-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale villfond og fellingsavgift for elg og hjort. Bakgrunnen er å fremme villforvaltninga i kommunane.

Fondet kan nyttast til:

- *Tilskot til tiltak for å fremme villforvaltning, styrke kunnskapen om villtet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv.*
- *Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd villt og fallvilt i kommunen.*
- *Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.*

Kommunen vurderer at søknadsformålet oppfyller villfondets formål og kan difor støttast med midlar frå villfondet.

Villfondet vurderer at det er viktig at dei lokale jegerar kan utføre både dei obligatoriske/ oppskyting til kvar jaktseong utan å trenge å reise ut av kommunen. Skytebanen er ei viktig element i skytetreninga under kyndig instruksjon, av spesielt for unge som vil ta jegerprøven. Modalen kommune trenger rekruttering av nye jegerar til forvaltning av den lokale hjortebestand. Oppgradering av 200 meter banen er viktig for betre personlig å registrere den enkelte jegers skyteferdigheter på litt lengere hold.

I samarbeid med Vaksdal kommune har Modalen kommune søkt om stønad fra det interkommunale BKK Villfond og fått tildelt kr. 10.000 samlet til prosjektet.

Regelverk

For-2011-05-15-537, Forskrift om kommunale og fylkeskommunale villfond og fellingsavgift for elg og hjort.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar, villforvalter

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vaksdal Modalen Skyttarlag

c/o Trygve Mjelde 5729
Skjerjavegen 60

Modalen